



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: lars.mjos@osteroyindustriag.no
www.osteroyindustriag.no

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET onsdag 28. mars 2007 kl 18.30 hjá Tysse Mek Verksted AS

Fagtema; automatisering/ robotisering

Meir enn 30 personar møtte, mellom desse deltakarar frå Høgskulen i Bergen og Osterøy vidaregåande skule som var særskild inviterte.

* Me starta med **omvising** på fabrikk (www.tysse.no) med hovudfokus på automatisering/ robotisering.

* **Claus Pagh**, Sales Manager, **Migatronic Automation A/S**, Aabybro, Danmark, presenterte nye trendar innan sveiseautomatisering og Migatronic Automation sine tilbod på området. Sjå www.migatronic-automation.dk

* **Herr Schönert**, **bwm GmbH**, Bremen, Tyskland, som er spesialistar innan automatisering av monteringsoppgåver, presenterte dei nyaste trendar innan fabrikk-automasjon. Sjå www.bwm-gmbh.de

* **Spørsmål og diskusjon.**

* **Mat og kaffi**

* **Årsmøtet:**

16 personar til stades.

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skrivar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

Vedtak: *Innkallinga godkjend. Formannen vald som møteleiar og sekretæren som skrivar. Magnus Thunestvedt og Kjell Lerøy underteiknar møteprotokollen.*

2 **Årsmelding og rekneskap** Sjå årsmelding og revidert rekneskap i vedlegg.

Årsmelding og rekneskap vart gjennomgått.

Vedtak: *Godkjende.*

3 Fastsetjing av **medlemspengane**. Fastsetjing av **godtgjersle for styre og sekretær**.

Styret har ikkje gjort framlegg om justering i satsane.

1 tilsett	700 kr/år
2-4 tilsette	1.000 kr/år
5-9 tilsette	1.400 kr/år
10-14 tilsette	1.700 kr/år
15-30 tilsette	2.500 kr/år
31 og fleire tilsette	3.500 kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 350 kr/år
Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.
Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.
Godtgjersle til revisor: kr 500.
Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.

Vedtak: *Ingen endringar i satsane.*

4 Budsjett. Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

Vedtak: *Godkjend.*

5 Eventuelle innkomne saker.

Ingen saker.

6 Val.

Val av formann (Lars Magne Bysheim står på val), 2 styremedlemmer (Kjell Lerøy og Arne Hansen står på val) og 3 varamedlemmer (desse er på val: Kjell Rune Birkaas, Johan Solberg og Monica Solberg).

Val av ein medlem med varamedlem til styringsutvalet for Industrikonsulenten (Svein A Skulstad med Jostein Jacobsen som varamedlem står på val).

Val av valnemnd (på val: Formann Jørn Jacobsen, Astrid Tveiten og Leif Tore Solberg) .

Val av revisor (Norodd Helle står på val).

Valet vart leia av leiaren i valnemnda, Jørn Jacobsen.

Vedtak:*I samsvar med valnemnda si innstilling er samtlege attvalde med unnatak av 1.vara til styret der Ivar Solberg kjem inn i plassen for Kjell Rune Birkaas. Johan Solberg og Rolf Hagebø vart etter framlegg frå salen valde som turnemnd.*

7 Årsmelding for Industrikonsulenten (meldingssak). Kort orientering i møtet.

Lars Mjøs orienterte kort og svarte på spørsmål om arbeidsdelinga mellom Industrikonsulenten og kommunen sin nye næringssjef..

Osterøy

Magnus Thunestvedt

Kjell Lerøy